FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

**Ureiningstilsyn**
**Inspeksjonsrapport**

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57 64 31 40
E-post fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato
12.05.2014

Vår referanse
2014/1822
Rapportnummer
2014.029.I.FMSF

Måløy Sildoljefabrikk AS

6718 Deknepollen

## Tilsyn ved Måløy Sildoljefabrikk AS – kontrollrapport med krav om retting av avvik og vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrollørane kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i lov eller forskrift, *merknader* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr. Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken.

| Tilstades under kontrollen frå verksemda: | Tilsynsgruppa: |
|---|---|
| Øyvind Stang (dagleg leiar), Arve Hjelle (kvalitetssjef, Welcon AS), Kenneth Rakkenes (verneombod), Trond Kråkenes (elektriker) | Frå Fylkesmannen: Gunn Helen Henne<br>Frå Arbeidstilsynet: Kirsti Solheim<br>Frå Etrygg/DLE: Arnt Hellevang |

| Desse hovudtema vart kontrollert: | |
|---|---|
| ☒ Internkontroll | ☐ Avfallshandtering ordinært avfall |
| ☐ Risikovurdering | ☐ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) |
| ☐ Utslepp til luft eller vatn | ☐ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) |
| ☐ Støy | ☐ Sikkerheitsdatablad |
| ☐ Løyvet med vilkår | ☐ Substitusjon |
| ☐ Forskriftskrav | |
| ☐ Anna: | |

| Bakgrunn for kontrollen: | |
|---|---|
| ☐ Frekvensbasert inspeksjon | ☐ Oppfølging av eigenrapport |
| ☐ Frekvensbasert revisjon | ☐ Oppfølging av klage/hending/tips |
| ☐ Kontrollaksjon | ☐ Oppfølging av siste kontroll |
| ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) | ☐ Kartlegging |
| ☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før) | ☒ Anna – Fellesaksjon HMS-etatane |

Hovudfunn frå kontrollen
Tilsynsgruppa har avdekt eitt avvik under kontrollen.

Det er sett tidsfrist til **6. juni 2014** for tilbakemelding til Fylkesmannen om lukking av avvik og dykkar vidare oppfølging etter kontrollen.

Det er vedteke kontrollgebyr på **kr. 4 600,-** som vert fakturert frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Kopi av rapporten vert sendt til:
Arbeidstilsynet
Etrygg AS

## 1. Informasjon om verksemda:

| | |
|---|---|
| Namn på verksemda: **Måløy Sildoljefabrikk AS** | Organisasjonsnr.: **974094312**<br>Eigd av: **977027373** |
| Stad og kommune: **Deknepollen, Vågsøy kommune** | Kontrolldato: **06.05.2014** |
| Postadresse: **6718 Deknepollen** | Internt anleggsnr.: **1439.0010.01** |
| Risikoklasse: **2** | ☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert |

## 2. Bakgrunn for tilsynet

HMS-etatane sin fellesaksjon i 2014 kontrollerer verksemder si handtering av avvik i internkontrollen. Totalt skal om lag 700 verksemder i utvalde bransjar kontrollerast. Dei ulike tilsynsetatane sin fellesnemnar er internkontrollforskrifta, og alle fører tilsyn for sine område med at verksemdene har system for avvikshandsaming.

Ved denne felles tilsynsaksjonen ser ulike tilsynsetatar i lag på korleis verksemdene arbeider med systematisk internkontroll og forbetring, om dei gjennomfører korrigerande tiltak slik at avvik ikkje skjer igjen, og om det blir gjort førebyggjande tiltak som hindrar at nye avvik skjer.
Alle verksemdene skal ha eit levande og fungerande system for avviksbehandling i internkontrollsystemet sitt. Systemet skal innehalde rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på regelverket.

*Fylkesmannen si miljøvernavdeling* forvaltar regelverk knytt til det ytre miljø, og er ein del av Miljødirektoratet. Krava er knytte til bruk av helse- og miljøfarlege stoff og produkt, avfall, støy og ureining av hav, vatn, jord og luft. Regelverket skal hindre at forureining, avfall og produkt med helse- og miljøfarlige kjemikaliar fører til helseskade, går utover trivselen eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornying.

*Arbeidstilsynet* forvaltar og fører tilsyn med at arbeidsmiljølova og aktuelle krav gitt i medhald av denne vert haldne. Desse krava skal sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Arbeidsmiljøet er summen av dei fysiske, psykiske, sosiale og organisatoriske tilhøva på ein arbeidsplass. Krava skal sikre eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremmande og meiningsfylt arbeidssituasjon.

*Det lokale eltilsyn (DLE)* forvaltar regelverk og krav knytt til elektriske anlegg, og er ein del av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Krava skal sikre at elektriske anlegg skal utførast, driftast og vedlikehaldast slik at dei ikkje representerer fare for liv, helse og materielle verdiar. Krava gjeld for den som eig, bruker eller utfører (dvs. monterer og har vedlikehald på) elektriske anlegg.

*Det lokale brannvesenet* forvaltar regelverk og krav knytt til brann og eksplosjonsvern, og er ein del av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Krava skal sikre liv og verne verdiar mot fare knytt til brann og eksplosjon. Krava skal vidare sikre forsvarlig handtering av brannfarlege, trykksette og eksplosjonsfarlege stoff, og at ulykkes- og skadeførebyggande tiltak vert sett i verk i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på land. Alle pliktar å oppfylle krav til alminneleg aktsemd, slik at brann, eksplosjon og anna ulykke kan førebyggjast og at skaden dersom det likevel skjer, vert avgrensa.

*Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO)* forvaltar regelverk og krav knytt til sivil tryggleik og eigenbeskyttelsestiltak i verksemder som har krav om industrivern. NSO rapporterer til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Krava om industrivern omfattar planlegging, organisering, dimensjonering, vedlikehald og samarbeid om industrivern. Regelverket skal sikre liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur.

## 3. Om kontrollen

Denne kontrollen var eit felles tilsyn frå Fylkesmannen, Arbeidstilsynet og Etrygg/DLE.

Kontrollen vart gjennomført for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av internkontrollforskrifta vert haldne, avgrensa til temaet avvikshandtering. Kontrollen vart gjennomført ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen.

Rapporten inneheld omtale av dei funn som er gjort. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda sin internkontroll vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar:

| | |
|---|---|
| **Avvik** | Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiks-lovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.) |
| **Merknad** | Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak. |

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over loverket på www.lovdata.no . Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

---

Vi vil streke under at oppdatert oversikt over regelverk og fokus på vedvarande forbetringar på sikt vil styrke grunnlaget for sikker og lønsam drift. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til vidare.

## 4. Oppfølging etter kontrollen

### Tilbakemeldingsfrist

Verksemda pliktar å rette opp avvik så snart som råd. For at vi skal kunne kontrollere dette, må verksemda skriftleg melde tilbake til Fylkesmannen. Tilbakemeldingsfristen er sett til **innan 6. juni 2014.**

Vi ber om at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, og eventuelt ein tidsplan for vidare arbeid/ retting av dei punkta som står att på dette tidspunktet.

### Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er sett i verk, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for

å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndriving av forfallen tvangsmulkt.

## 5. Gebyr for kontrollen

### Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Informasjonsark om gebyrsystemet er vedlagt.

Måløy Sildoljefabrikk AS er plassert i risikoklasse 2, noko som normalt gjev eit kontrollgebyr på kr. 15 600, jf. ureiningsforskrifta § 39-6. Ut frå at kontrollen er gjennomført som del av ein kontrollaksjon med avgrensa omfang og ressursbruk for Fylkesmannen, finn vi det rett å redusere gebyrsatsen, slik ureiningsforskrifta § 39-10 opnar for.

Fylkesmannen vedtar med dette at Måløy Sildoljefabrikk AS skal betale eit gebyr på **kr. 4 600,-** (tilsvarande som for lågaste risikoklasse 4) for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til vedtaket innan 3 veker, vert faktura med innbetalingsblankett send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

## 6. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

## 7. Avvik

Følgjande avvik vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1 – Verksemda har for høg terskel for registrering av HMS-avvik i internkontrollen**

Avvik frå: *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta, IK-forskrifta) § 5, 2. ledd, punkt 3 og 7.

Kommentar:
Alle verksemder skal ha ein internkontroll som m.a. sikrar rutinar og praksis for å finne, rette opp og førebyggje brot på HMS-krav på ein systematisk måte. Det er også eit krav at dei tilsette medverkar til oppbygging og utøving av internkontrollen.

Måløy Sildoljefabrikk har eit avvikssystem som er i bruk for dei aller mest alvorlege avvika som oppstår. Det er registrert relativt få avvik dei siste åra, sett opp mot verksemda sin storleik og aktivitet. Avvika som er registrert er handtert tilfredsstillande, og tiltak er utført for å rette opp og førebyggje at same hendingane skjer ein gong til.

Under kontrollen kom det likevel fram at det ikkje har vore vanleg å få inn avviksmeldingar frå dei tilsette om mindre feil, hendingar eller forbetringspunkt, og heller ikkje om nokre konkrete arbeidsuhell som har gitt både lettare og meir alvorleg personskade. For dei fleste feil og uønska hendingar som skjer vert tiltak og retting utført av den tilsette på staden, og tilhøvet vert ikkje avviksmeld med mindre det skjer gjentatte gonger. Denne praksisen gjer det vanskeleg for verksemda å fange opp og bruke desse hendingane på ein systematisk og førebyggjande måte i internkontrollarbeidet.

Måløy Sildoljefabrikk sin gjeldande interne instruks om avviksrapportering nyttar formuleringar som til dømes *«betydelig avvik m.h.t. Kvalitet og Kapasitet, eller HMS-avvik i form av Ulykke eller Nestenulykke»*, *«hendelser som resulterer i skade på Person, Materiell og Miljø»*, *«alvorlige tilløp til Ulykke/Nestenulykke»*. Denne ordbruken kan vere med på å legge lista for høgt for når avvik vert meldt inn.

Det er leiinga sitt ansvar å sikre medverknad frå dei tilsette i internkontrollen, og finne måtar å få inn relevante meldingar om avvik og forbetringspunkt også før det har ført til alvorleg skade på menneske, miljø eller materiell.

Tilleggskommentar frå Etrygg/DLE:
Lite bruk av avvikssystemet ute i organisasjonen og høg terskel for rapportering av avvik medfører at det ikkje er praksis for å rapportere og loggføre løpande avvik på det elektriske anlegget. Dette er brudd på kulepunkt nr. 6 i verksemda sin eigen stillingsinstruks av 21.02.2011 for bedriftselektriker: «Bedriftselektrikeren skal sørge for at det blir fylt ut avviksrapporter ved feil, og samtidig tiltaka blir gjennomført.»

Tilleggskommentar frå Fylkesmannen: Lite bruk av avvikssystemet ute i organisasjonen og høg terskel for rapportering av avvik var også eitt av avvika som vart funne ved systemrevisjonen vår i verksemda i 2011. Det er skjerpande for vår reaksjon ved denne kontrollen.

Vi siterer frå våre kommentarar til avvik i tilsynsrapporten frå 2011:

> *- Verksemda har eit avvikssystem, men det er lite brukt i organisasjonen. Det er også høg terskel for kva som vert rapportert inn, og då er det hovudsakleg avvik som går på arbeidsmiljø. Nesten-ulykker vert sjeldan rapportert. Luktklager frå naboar vert registrert som avvik.*

## 8. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader ved kontrollen.